

# BOKN BYGDEBLAD

NR. 4 - MAI 1989

ÅRG. 4


UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## FRA 1. MAI 1989:

### ALLE HURTIGBÅTANE INNOM FØRESVIK

Frå 1.mai 1989 skal alle hurtigbåtane gå innom Føresvik på alle turar - også Flaggruta.

Bokn kommune har dermed fått positivt svar på ynskjet om at alle båtar skulle gå innom Føresvik.



## FULLT HUS VED MUSIKKSKULEN SITT 10-ÅRS JUBILEUM

Det var fullt hus og vel så det då Bokn Musikkskule den 9.april markerte 10-års jubileum på Bokn skule.

Jan Spurkeland gjennomførte oppgåva som konferansier på ein framifrå måte.I tillegg til dette medvirkja han også i to sangnummer saman med Blandakoret.

Musikkskulen fekk visa det store mangfaldet som finst av aktivitetar. Barnekoret hadde m.a. framføring av spesialskriven sang for anledningen som heitte "Bokn Barnekor" med tekst, melodi og arr. av Jardar Havikbotn.

Også Blandakoret hadde m.a. framføring av spesialskriven sang nemleg "Bokn Blandakor" med tekst og melodi av Jardar Havikbotn/Oddrun Håland, arr. av Jardar

Nytt av året var barneleikarring og vaksen leikarring. Desse hadde m.a.

felles framføring av song/dans med barnekor og blandakor.

Elles var det over 20 aktørar på ulike instrument som framførte musikkstykke.

Det var sanggruppe og det var ei popgruppe av heilt unge som imponeerte stort.

Bokn Musikkskule fekk helsingar frå Tysvær Musikkskule, frå skulestyret v/leiar Bertha Våge og Bokn kommune v/ordførar Leif Vatnaland, og som det høver seg vanka det både blomar og godord for den innsatsen musikkskulen gjer i lokal- samfunnet. Det er god grunn til å framheva den innsatsen som vart nedlagt med rektor Jardar Havikbotn i spissen.

# BOKN - PROSJEKTET

## Plukk frå siste kvartalsrapport

### Veg på Susort

Dei siste 200 m ut i Frekasundet er nå ferdig. Bru over Rv. 512 på Susort blir starta i juni, og avsluttast i september.

### Frekasundet bru

Brua er åpen for nyttetrafikk. Asfaltdekke vert lagt i vår/sommar.

### Veg over Ognøy

Vegen er åpen for nyttetrafikk. Dei siste 250 m av strekninga ved A/S Betong sin Brakkeleir vert gjort ferdig i slutten av 1989.

### Ognasundet bru

Samtlige arbeid er nå konsentrert om overbygningen. Det vert støypt opp til 15 m pr. veka. Brua skal vera ferdig til 23.12.89.

### Veg over Austre Bokn

Store deler av veglinja er ferdig planert. Utlegging av berelag startar i mai, og legging av oljegrus i oktober.

Tåganeset bru i krysset mellom Rv. 512 og Fv. 897 vil på det nærmeste vera ferdig til ferien.

### Tunnel Austre Bokn

Tunnelen er nå sikra med boltar og sprutbetong.

Det skal monterast ca 100 m sikringskvelv på seinsommaren. Lys vil bli montert til hausten.

### Boknasundet bru

Aker Entreprenør skal byggja ei 3-spenns betongbru til 30 mill. kr. Ferdigdato er 1. oktober 1990. Tilriggingsarbeid for brakkeleir, krane m.v. er starta.

### Veg over Vestre Bokn


Sprengingsarbeid fram til Knarholmen er ferdig. Masseflyttingsarbeid pågår på denne strekninga. Berelag vert lagt ut etter ferien, toppdekke i oktober. Alvestadkroken bru vert ferdig i løpet av mai 1989. Sprengningsarbeid mellom Knarholmen og Arsvågen startar mot slutten av årstet.

### Arsvågen ferjeleie og molo

Planarbeid med oppstillingsplasser og kaisystem pågår.

### Framdriftsplan

Åpninga av strekninga frå Susort til Tåganes er avhengig av at A/S Betong fylgjer planen. Dei siste 250 m på Ognøy ved A/S Betong sin Brakkeleir må gjerast ferdig etter at dei har rigga NED: Dersom alt klaffar, skal det ikkje gå mange dagane inn i 1990 før ein kan åpna første samanhengande del av ny Rv. 512. 1. oktober 1990 er foreløpig sett som ferdigdato for heile prosjektet.





## PROGRAM FOR 17. MAI 1989

kl.08.45 Skulekorps spelar fram-  
for sjukeheimen.  
 kl.09.15 Folketog.Frå Boknatun til  
kyrkja.  
 kl.10.00 Familiegudste.  
 kl.10.45 Folketoget går til Føres-  
vik kai.  
 kl.11.00-  
 12.00 Kaproing.  
 kl.12.00 Samling på skulen:  
     skulekorps spelar  
     apell  
     barneleikarringen.  
     Sal og andre aktivitetar  
     startar etter programmet.  
 kl.13.30-  
 14.30 Leikar for barn og vaksne.

ca.14.30 Årets handballkamp.  
 Sølvlaget mot konfirmant-  
 laget.  
 ca.15.30 Avslutning av feiringa om  
 dagen.  
 kl.16.00 Bokn Blandakor syng på  
 sjukeheimen.  
  
 KL.20.00,FOLKEFEST PÅ BOKN SKULE  
     - Opning med leikarring og  
     diktlesing.  
     - Festtale ved Harald Dale  
     (kjend frå RADIO 102).  
     - Mat m/konkurranse.  
     - Bokn Brass  
     - Underhaldning:Sketsj og leikar.  
     - STJERNESMELL med lokale STJERNER!  
     - RAPIDO spelar til dans.

VEL MØTT TIL EIN HYGGELEG NASJONALDAG!

Helsing 17.mai-komiteen 1989  
(Kulturstyret)

### DOKKETEATERET

**"DEN BLÅ BLOMST"**  
 frå Karmøy viser forestillinga  
 "PIERROT - ELLER NATTENS  
 HEMMELIGHETER"

Passer for barn frå 5 år og oppover.

Søndag 21.mai kl.16.00 på Bokn skule  
 Inng.pengar: kr.10,-

Arr: Bokn kulturstyre med økonomisk  
 støtte frå Rogaland fylkes-  
 kulturstyre.

### VANDREUTSTILLING

frå Norske Kunsthåndverkarar,  
 Rogaland


Utstillinga har tittelen MODELLERING,  
 og 6 keramikkarar frå Sør-Rogaland  
 deltar med arbeid. Det er:

Jens Erland, Bryne  
 Henrike Garpestad Borch, Stavanger  
 Eli Glader, Stavanger  
 Kirsti Prøis, Brusand  
 Stein Em.Simonsen, Sandnes  
 Odd Sama, Brusand

Utstillinga er i Allrommet på Bokna-  
 tun, og er åpen

skjærtorsdag (4.mai) kl.16.00-19.00  
 og søndag 7.mai               kl.16.00-19.00

Kaffi blir serveret.



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## P Å M E L D I N G   T I L   S K U L E Å R E T   89/90.

Skulen kan tilby desse aktivitetane :

- piano
- el.-orgel
- tverrfløyte
- undervisning for messingblåsarar
- aspirantundervisning til skulekorpset
- pop-gruppe
- barnekor
- blandakor
- solosang
- leikarringar
- trekkspill
- fele

KOMMENTARAR TIL NOKRE AV AKTIVITETANE :

### Undervisning for messingblåsarar

For dei som vil lære meir om og på messingenstrumentet sitt. Undervisninga blir gruppevis eller enkeltvis. For å heve standarden i korpsa, vil både BOKN SKULEKORPS OG BOKN BRASS STØTTE INTERESSERTE MEDLEMMAR ØKONOMISK !  
Dette kan bety at TILBUDET BLIR GRATIS FOR DEI SOM MELDER SEG PÅ !


### Aspirantundervisning til skulekorpset

Dette passar best for elevar som går i 2. eller 3. klasse til hausten. Lærarverket som blir brukt er slik at ein 2. klassing ikkje vil få problem med å følge med. Men andre interessaerte kan også melde seg. Undervisninga går over 2 år, og av erfaring ser me helst at musikanten ikkje blir for gammal før vedkommande byrjar i hovudkorpset. Aspirantane kan som regel velge mellom KORNETT, ALT-HORN og BARYTON - instrument som dei får utlevert ved oppstartingen.

( Me tar ikkje opp nye trommeslagarar denne gong )

### 2. ÅRS-ASPIRANTAR TRENG IKKJE MELDE SEG PÅ.

NB ! SKULEKORPSET BETALER DENNE UNDERVISNINGA.



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## Pop-gruppe

Meininga med dette tilbudet er å gi ei gruppe tilstrekkeleg opplæring slik at dei - om dei vil - seinare kan starte for seg sjølve. Og styret vedtok 13.04 d.å. ein tidsbolt på 3 semester, dvs. fram til jul for den gruppa som no er kome godt i gong. Då må altså dei overlate skulen sine instrument til andre interesserte. Dersom det ikkje melder seg andre interesserte, held gruppa fram slik den er no.

LIKEVEL ER DET NOKON PLASSAR FRÅ HAUSTEN : ein SYNTHESIZER-plass + nokon SANGARAR ( vokalistar ). Så dersom du vil spele synthesizer eller vere med å synge, må du krysse av i pop-gruppe - ruta. Vil du spele bass,gitar eller trommer ( slagverk ), må du vente til etter jul.

NB ! Me kjem til å prioritere folk som har litt kjennskap til AKKORD-SPELING ved opptak.

Andre interesserte som har eige instrument kan sjølvsagt også melde seg på. Så får me sjå etter påmeldinga korleis gruppa blir. Det er tross alt ei grense på kor stor gruppa kan vere.

## Barnekor

Elevar f.o.m. 2.klasse t.o.m. 6.klasse kan synge her. I 7.klasse blir du støttemedlem, og eit støttemedlem er med på dei siste øvingane før ein konsert ( og sjølvsagt konserten ) + eventuelle reiser med koret.

## Blandakor

Som 7.klassing får du også lov til å vere med i blandakoret, men du må også vere støttemedlem i barnekoret. DETTE GJER ME FOR AT IKKJE OVERGANGEN SKAL BLI FOR STOR. I 8.klasse kan du velge om du fortsatt vil vere med å støtte barnekoret.

## Leikarringar

I barneleikarringen kan elevar frå 1.klasse melde seg på, og elevar frå 6.klasse kan vere med i voksneleikarringen. Kursene er for NYBEGYNNDARAR, men dersom det viser seg etter påmelding at alle er "VIDAREKOMNE" - treng ikkje oppstartinga foregå frå byrjinga, men dette vil vise seg.

## Trekkspill

Ein "gammal" aktivitet i Bokn Musikkskule som Daniel ( Thuestad ) vil tørke støv av. Skulen har 2 trekkspill, så du treng ikkje ha dette kostbare instrumentet sjølv. Undervisninga blir retta mot eit framtidig SPELEMANNSLAG i musikkkulen. Ellers kan interesserte planlegg undervisningsforma saman med Daniel.

## Fele ( fiolin )

Som det står over så er planen eit spelemannslag, og også dette blir prega av det. Sigmund ( Grønnestad ) & co. vil ta seg av dette tilbudet. Undervisninga blir først og fremst folkemusikk-basert. I byrjinga kan nok berre folk som har fele vere med, men med stor påmelding kjem Musikkkulen til å PRIORITERA FELE-KJØP I FRAMTIDA... ( og kanskje allerede til hausten ). TA ELLERS KONTAKT MED SIGMUND OM UNDERVISNINGSFORMA.



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

Som de ser er det mykje å velge mellom, og tilbuet har heller aldri vore større. Det er kjent at for mange familiarer har elevkontigenten mykje å seie. I skrivande stund er det ikkje klart kva prisane pr. semester blir, men det er dessverre klart at det meste kjem til å stige. DET SOM SANNSYNLIGVIS ER SIKKERT ER AT DEN HØGASTE SATSEN HELD SEG I RO.

### HER ER PRISANE SLIK DEI ER I DAG :

( "Gruppe på 2 elevar" betyr vanlegvis at 1 elev får  $\frac{1}{2}$  time undervisning kvar veke. )

### DETTE ER PRISAR PR. SEMESTER :

Gruppe på 2 elevar	1 time	750,- ( dette blir ikkje dyrare )
Gruppe på 3 elevar	1 t.	630,-
Gruppe på 4 elevar	1 t.	530,-
Gruppe på 5 elevar	1 t.	400,-
Gruppe på 6-7 elev.	1 t.	250,-
Gruppe på 8-9 elev.	1 t.	180,-
Gruppe på 10 elev.	1 t	125,-
Gruppe på 10 elev.	1,5 t.	190,-
Gruppe på 6-7 elev.	2 t.	500,-
Gruppe på 8-9 elev.	2 t.	355,-
Gruppe på 10 elev.	2 t.	250,-

"GRUPPENE PÅ 10 ELEVAR" GJELD OGSÅ FOR DEI GRUPPENE SOM TEL MEIR ENN 10.

### DET ER 30 % SYSKENRABATT PÅ DEN DYRASTE AKTIVITETEN.

Elevar t.o.m. 3.klasse får undervisning i gruppe på 3 i 45 min. - eller enkeltvis 15 min. kvar veke.

Elevar f.o.m. 4.klasse får undervisning i gruppe på 2 i 45 min. - eller enkeltvis 22½ min. kvar veke.

NB ! INGEN KAN FØLE SEG HEILT SIKRE PÅ AT DEI FÅR ELEVPLASS. ( dette gjeld ikkje aktivitetar som kor, aspirant, leikarringar - altså store grupper ).

DESSUTAN MÅ FOLK SOM MELDER SEG PÅ FLEIRE AKTIVITETAR KANSKJE REKNE MED Å KUTTE UT NOKO, MEN BERRE MELD DEG PÅ DET DU YNSKJER.

### DESSVERRE MÅ EIN REKNE MED VENTELISTER, OG DET LØNER SEG Å VERE RASKT UTE.

NB ! ALLE SKAL MELDE SEG PÅ SKRIFTLEG - BRUK SKJEMAET PÅ NESTE SIDE.

PÅMELDINGANE ER BINDANDE - DÅ TIMEPLANANE TIL LERARANE BLIR LAGDE ETTER DEI.

DET ER IKKJE NOKO ALDERSGRENSE I MUSIKKSKULEN - "DEN SKAL TIDLEG KRØKJAST SOM GOD KROK SKAL BLI"!



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE

4290 FØRESVIK -- TLF. 04-74 85 00

DERSOM DU LURER PÅ NOKO NO FØR DU SKAL MELDE DEG PÅ, SÅ RING TIL UNDER - TEIKNANDE. DEI ENDELEGE SATSANE BLIR KLARE DEI NÄRMASTE DAGANE, OG DET KAN DE ALTSÅ FÅ I TLF. HVIS DET ER YNSKJELEG.

EG TAR BERRE I MOT SKIFTLEGE PÅMELDINGAR - MUNTLEGE BLIR IKKJE TATT OMSYN TIL PÅ EI EVENTUELL VENTELISTE.

FRISTEN FOR INNLEVERING AV SKJEMAET ER MANDAG 22. MAI.

Musikalsk helsing


- rektor -

PÅMELDING TIL MUSIKKSKULEN 89/90.

NAMN : 1. \_\_\_\_\_  
2. \_\_\_\_\_  
3. \_\_\_\_\_  
4. \_\_\_\_\_

Alle familiemedl. som ynskjer  
plass skal skrive seg opp -  
(1., 2., 3., 4.) og de set då  
kryss i den aktuelle ruta bak  
dei ulike aktivitetane.


	1.	2.	3.	4.
PIANO				
EL.-ORGEL				
TVERRFLØYTE				
MESSINGBL. UNDREV.				
ASPIRANTUNDERV.				
POP-GRUPPE				
BARNEKOR				
BLANDAKOR				
SOLOSANG				
LEIKARRING, BARN				
LEIKARRING, UNGD./V.				
TREKKSPILL				
FELE				



#### LESETIPS FOR MAI


- \*Nordbø, Marie Elisabeth:  
Ungt liv til låns.
- \*Hanssen, Arvid:  
Ho NETTA på hylla.
- \*Dokka, Hans-Jørgen:  
En skole gjennom 250 år.
- \*Cardinal, Marie:  
Gjennom kaos.

**OPNINGSTIDER:**  
**TIRSDAG :10-13**  
**TORSDAG:16-19**



#### BARNETIME

TORSDAG 11.MAI KL. 17.00  
YNSKJER BIBLIOTEKET BARN  
FRÅ 3 - 6 ÅR VELKOMNE TIL  
NY BARNETIME.



#### BARN OG UNGDOM

- \*Kaldhol/ Øyen:  
Farvel, Rune.
- \*Gravir, Magnhild:  
Ragnhild og Besta.
- \*Osland, Erna:  
FRekke Fritjov.

TORSDAGSETTERMIDDAGAR  
I OPNINGSTIDA ER DET  
MULEG Å BRUKA ALLROMMET  
T.D TIL LESING, SPEL,  
KORTSPEL O.L.

# INFO FRA BOKN I. L.

Søndag den 2.april stilte Bokn I. L. for første gang til start i et orienteringsløp, det var nasjonalt o-løp på Brekke i Karmøy.

5 barn og 2 voksne reiste over til Kopervik med sommerfugler i magen. Dette var jo noe helt annet enn de treningsløpene på provisoriske kart de hadde gjennomført i løpet av høsten og tidlig i vår. Men det gikk over all forventning, alle fullførte løpet uten store problemer.

### Resultater:

Marita Svendsen og Randi Jøsang nr. 4 av 4 startende i kl D10-12N (par) Rannveig Foss og Kristi Laupland nr.3 av 5 startende i kl D13-14N (par) Bjørn Jøsang nr.10 av 13 startende i kl H13-14N.  
Hans Ovidth nr.5 og John Magne Lie nr.7 av 8 startende i kl H17-N.

Skal prøve å få i gang et nytt nybegynnerkurs i orientering straks etter 17.mai. Håper på stor deltagelse, av både små og store.

Lørdag 22.april reiste Terje Øvrebø, Johnny Borgenvik, John Øvrebø, Tor H. Alvestad, Bernt Olaussen, Richard Skår, Magnus Blikshamn, Roger Jøsang og Åsmund Alvestad til Håvikhallen i Avaldsnes for å delta i HAFO-CUP. 4 kamper med en omgang håndball og en omgang fotball i hver kamp.

### Resultater:

Bokn-Nord 1: 1-4, AIL 2-Bokn: 1-6, Nord 2-Bokn: 4-2, Bokn-AIL 1: 1-2.

Alle som deltok fikk en fin plakett i premie. Både reiseledere, May E. Alvestad og Christian Ovidth og spillere var enige om at det var en alle tiders dag i Håvikhallen.

Lilleputtlaget i fotball spilte sin første kamp i sesongen på Bokn mot Ferkingstad mandag 24.april. Ferkingstad vant 17-0.

Det var naturligvis et nedslående resultat, men mist ikke motet, humør eller spilleglede av den grunn. Ferkingstadlaget har spilt sammen i 3 år i serien, helt siden de var knotter, mens Boknalaget er helt nytt. Så det kommer helt sikker til å gå bedre og bedre utover i sesongen etter hvert som lagspillet og teknikken bedres.

Bokn's målmann, Johnny Borgenvik, hadde bokstavelig forstand begge hendene fulle i den første kampen, skuddene haglet mot målet. Så og si alt spill foregitt foran hans mål, og han gjorde en kjempejobb med en rekke flotte redninger.

Stå på jenter og gutter!

Hans

## FOTBALLSESONGEN 1989

**Lillegutt** har følgende spilleplan:

DAG	DATO	TID	HJEMMELAG	BORTELAG	BANE
MAN	24/04	15.30	Bokn	Ferkingstad	Føresvik Stadion
SØN	30/04	14.00	Svei 1	Bokn	Sveio Stadion
MAN	08/05	17.30	Bokn	Skudenes	Føresvik Stadion
MAN	22/05	19.00	Vard 4	Bokn	Gymnasbane 2
TIR	23/05	18.00	Bokn	Kopervik 1	Føresvik Stadion
MAN	05/06	17.30	Åkra 1	Bokn	Åkra 1
MAN	19/06	17.30	Ferkingstad	Bokn	Ferkingstad 1
MAN	21/08	17.30	Bokn	Sveio 1	Føresvik Stadion
MAN	28/08	17.30	Skudenes	Bokn	Skudenes 2
MAN	04/09	17.30	Bokn	Vard 4	Føresvik Stadion
MAN	11/09	17.30	Kopervik 1	Bokn	Karmøyhallen
10 MAN	18/09	17.30	Bokn	Åkra 1	Føresvik Stadion

**Guttelaget** har følgende spilleplan:

TOR	27/04	19.00	Bokn	Nord 1	Føresvik Stadion
TOR	04/05	14.00	Åkra 2	Bokn	Åkra 1
TOR	11/05	19.00	Skudenes	Bokn	Skudenes 1
TOR	18/05	19.00	Bokn	Vedavåg	Føresvik Stadion
TOR	25/05	19.00	Kopervik 2	Bokn	Åsæbøen 1
TIR	06/07	19.00	Nord 1	Bokn	Hestmyr
TOR	08/06	19.00	Bokn	Åkra 2	Føresvik Stadion
TOR	15/06	19.00	Bokn	Skudenes	Føresvik Stadion
TOR	17/08	19.00	Vedavåg	Bokn	Vedavåg
TOR	24/08	19.00	Bokn	Kopervik 2	Føresvik Stadion
TOR	31/08	19.00	Bokn	Nord 1	Føresvik Stadion
TOR	07/09	18.00	Åkra 2	Bokn	Åkra 2
TOR	14/09	18.30	Skudenes	Bokn	Skudenes 1
TOR	21/09	18.00	Bokn	Vedavåg	Føresvik Stadion
TOR	28/09	17.30	Kopervik 2	Bokn	Karmøyhallen

**A-laget** menn senior 8.div. avd.B har følgende spilleplan:

DAG	DATO	TID	HJEMMELAG	BORTELAG	BANE
TOR	04/05	12.00	Bokn	Høyland	Føresvik Stadion
LØR	06/05	13.30	Åsenkameraten	Bokn	Sola Stadion
LØR	13/05	14.30	Bokn	Nylund	Føresvik Stadion
LØR	20/05	14.00	Noredalen	Bokn	Sviland grusbane
LØR	27/05	14.30	Bokn	Elmer	Føresvik Stadion
ONS	31/05	19.00	Sandved	Bokn	Sandved
LØR	03/06	13.00	Bokn	Østrem	Føresvik Stadion
SØN	11/06	12.00	Dirdal	Bokn	Dirdal Skole
LØR	17/06	14.30	Bokn	Graskre	Føresvik Stadion
LØR	24/06	13.30	Hauk	Bokn	Randaberghallen
LØR	05/08	14.00	Høyland	Bokn	Iglemyr 2
LØR	12/08	14.30	Bokn	Åsenkameraten	Føresvik Stadion
SØN	20/08	13.30	Nylund	Bokn	Midjord 1
LØR	26/08	14.30	Bokn	Noredalen	Føresvik Stadion
LØR	02/09	13.00	Elmer	Bokn	Kiellandsmyra
ONS	06/09	19.00	Bokn	Sandved	Føresvik Stadion
LØR	09/09	15.00	Østrem	Bokn	Karmøyhallen
LØR	16/09	14.30	Bokn	Dirdal	Føresvik Stadion
LØR	23/09	15.00	Graskre	Bokn	Madla
LØR	30/09	15.00	Bokn	Hauk	Føresvik Stadion

# PRESENTASJON AV LAG OG FORENINGAR:

I DAG: BOKN HAGELAG

## BOKN HAGELAG, EIN SPREK 5 ÅRING.

Som overskrifta fortel er Bokn Hagelag 5 år i desse dagar. Når eg sit og blar i møteboka ser eg at me hadde vårt første konstituerande møte den 3.april 1984, og informasjonsmøtet om oppstarting av eit hagelag hadde me sundag 25.mars same året. Me var adoptert av Karmøy Hagelag fyrste året.

Dei hjelpte oss i gong og fortalte om korleis ein driv eit lokallag. Me makta snart å stå på eigne bein og skipa til plantebytedag berre vel ein månad gammal. Mykje folk kom til og me fekk meir blest om laget; noko som gav seg utslag i fleire medlemmar og større frammøte på medlemsmøta våre.

Det er så rart med dette me kallar hageentusiasme. Du er vel som dei fleste av oss. Før du fekk eige hus og måtte anlegga hage, så var ikkje interessa for blomar og hage den heilt store. Kanskje starta du på bar bakke og når det galt kjennskap til blomar og buskar. Men det er no så rart med det - det er nå kjekt å få anna enn ugraset til å gro, så interessa og kunnskapen kjem litt etter litt. Her er det hagelaget kjem inn. Hagelaget er ikkje fyrst og framst for dei som kan alt frå før. Hagelaget er like


mykje for dei som er interesserte i det som kjem opp or jorda. Hagelaget er for dei som kan tenka seg å læra kva dei heiter dei ulike tinga som veks, eller som absolutt ikkje vil veksa. Du treng ikkje ein gong ha eigen hage for å vera med. Lysta til å læra noko om planter, plenar, veksthus eller uteplassar er meir enn nok.

Frammøtet på medlemsmøta varierer mykje; frå ei lita forsamling rundt lysbildeapparatet på musikkrommet eller ei stor forsamling som skal læra om juledekorasjonar til stormönstringa kvart år; plantebytedagen i mai. Same kva me steller til: du er hjartaleg velkommen, både som tilhøyrar og medlem. Som medlem har du og ein del fordelar. Du får medlemsbladet ein gong for månaden (eg skal helse og seie at det er ikkje eit blad som går i bossdunken) og du får låna hjelpemiddel som hagelaget eig til ein billeg penge. Døme: Kompostkvern (gratis), jordfres eller plenlufttar - kr.30,- (kr.100,- dersom du ikkje er medlem).

A.J.



Helsing  
Bokn Hagelag



## BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK -- TLF. 04-74 85 00

TAKK !!!

Det rettes en stor takk til skolens lærere, aktører, styret, Jan Spurkeland og andre involverte for innsatsen før og under jubileumskonserten 9. april! En spesiell takk til Venevil og Oddrun! Sistnevnte får dessverre alt for liten oppmerksomhet omkring sin dyktighet, og undertegnede hadde ingen betenkigheter med å gi henne en fortjent blomsterbukett etter konserthen!

Til slutt en takk til det store publikum som i høy grad er en stor inspirasjonskilde for videre arbeid i Musikkskolen!

Musikalsk hilsen

Jordan

## 3. OG 4. KLASSE SITT KARNEVAL

Me i 3. og 4.kl. hadde karneval den 13.3. Alle gleda seg veldig mykje. Det var mange kjempe bra kostymar. Nokon var apekatt, tjuvar, sykepleiar, jáledame, karatekid, cowboy og babyar. Premien for beste kostyme var ein Tom og Jerry perm. Det var Marie Thuestad som vant han ho var apekatt. Me dansa før og etter me hadde spist. Me hadde veldigt mange kjekke leikar. Me hadde pølser, brus og chips med oss. Det var lærarar og klassekontaktar med oss. Karnevalet starta kl. 17.30 og slutta kl. 20.30. Karnevalet var i gymsalen.

Helsing Ingri og Marie



LEIGE AV BANKBOKSAR I  
SR-BANK BOKN



Har du tjueri- og brannsikker oppbevaring av slike ting som:

Sparobl., smykke, skjøyte, vitnemål, attestar, pass,  
fotonegativer, bankbøker, forsikringspoliser o.l.?

Det er rimeleg og god sikkerhet å leige ein bankboks i  
SR-BANK Bokn.

Årsleige for liten bankboks	kr. 50,-
" middels "	" 100,-
" stor "	" 150,-

Be om å få kikka på bankboksane når du er innom banken.

Tenk sikkerhet før du reiser på ferie, leig ein bankboks.

**SR-BANK Bokn**

**SPORLEIK**

**Resultat:**

Barn:	1.Johnny Borgenvik	19 p.
	2.Lene Jensen	18 p.
	2.Rannveig Foss	18 p.
	2.Bjørn Jøsang	18 p.

Vaksne:	1.Steinar Alvestad	20 p.
	2.Eddy Borgenvik	19 p.
	2.Gustav Kjellesvik	19 p.

Sundag 16.april arrangerte Bokn Hagelag og Bokn idrettslag sporleik. Starten var ved fiskerihamna og det var lagt ut 10 postar. Det fine veret gjorde at dei 32 startande fekk ein fin tur i skog og mark.

**INFO FRA:  
BOKN HAGELAG**

Utleige av jordfresar kr.30,- pr. dag for medl.,kr.100,- pr.dag for ikkje medl.

Kompostkvern,gratis for medlemmer.

Plenløftar: kr.30,- pr.dag for medl.,kr.100,- for ikkje medl.

Etter den våte og milde vinteren har nok mange oppdaga at plenen er full av mose. Prøv plenløftaren. Kompostkverna,jordfresaren og plenløftar står hjå Helge Kristian Nilssen, tlf. 74 84 40.

Også i år vil Bokn Hagelag formidle kjøp av bark. Prisen er 416 pr. m<sup>3</sup> + frakt. Bestill innan 8/5 til Else Kjellesvik 74 84 34.

**HEILDAKSPLASSAR  
MEST ETTERSPURT I BARNEHAGEN**

Det er søkt om plass for 25 barn ved Bokn kommunale barnehage for barnehageåret 89/90.

12 har fått plass på halvdagspllassar,og 9 på heildagspllassar.

På heildagspllassar er det såleis fullt,medan det er 6 ledige plassar på halv dag.

Slik situasjonen er nå, er det fleire på venteliste til heildagspllassar.

Spørsmålet ein kan stilla seg er nå: Bør ein sjå på om fordelinga mellom antal heil- og halvdagspllassar vera så fastlåst?

# SERVICESENTER VED KNARHOLMEN

Bokn kommunestyre gjorde i møte den 11.april vedtak om å slutta seg til eit framlagd forslag til danning av eit utviklingsselskap i Bokn, og går ut med informasjon og invitasjon om prosjektet til kommunen sine innbyggjarar. I tillegg vil ein ta særskild kontakt med SR-Bank, Bokn Plast A/S og Bokn Handelslag.

Utviklingsselskapet skal ta ansvar et for utvikling og utbygging av eit servicesenter ved Knarholmen. Området ligg sentralt ved lokal av og påkjørsel til Vestre Bokn fra den nye kystriksvegen.

Per Grimnes ved Asplan har utarbeidd eit forslag til danning av eit utbyggingsselskap med oppgåve å tilrettelegga for næringsaktivitet og auka bustadbygging.

Aktuelle etableringar i området er bensinstasjon, banktenester og varehandel, og andre tenester som kafe/hotell/turistretta service.

Det skal utarbeidast planar for eit opplegg med fjernbillettering som kan eliminera ferjekøane. Dei reisande vil då kunna ordna seg med billett til ferja i dette servicesenteret, samstundes som dei kan utnytta ventetida positivt.

I nær tilknytning til området vert det også åpna for bustadbygging.

Marknadsgrunnlaget for eit slike senter vil bli folk som er busette i Bokn, reisande på den nye vegen og turistar/reiseliv.

Per Grimnes fra Asplan som orienterte kommunestyret om forslaget til utvikling av utbyggingsselskap, mente at det var eit godt prosjekt, og at det reint geografisk låg fint til rette. Naturmessig er det eit fint område som gir gode høve for kontakt med sjøen og strandsona som vil kunna inspirera til stopp. På strekninga sørover til Kristiansand har ikkje noko område ved hovedvegen tilsvarande kvalitet.

## "DU KAN REDDE LIV"

### - KURSET

Det var ca. 70 personar på Bokn som var med på Livredningstenesta sitt kurs "Du kan redde liv" som vart arrangert på Boknatun den 14. og 15. april.

Kurset hadde opplæring i hjartekom-presjon, munn-til-munn metode og andre viktige ting i livredding.

Interessa og oppslutninga om dette kurset i Bokn var usedvanleg stor, og blant den største i distriktet.

Livredningstenesta ville læra opp lokale instruktørar på Bokn slik at kurset kan repeterast.

Det er sjukepleiesjef Else Nilssen som opplyser dette til Bokn Bygdebład.



BOKN TEGNE- OG SALGSKONTOR  
RING SOLVEIG GUNDERSEN FOR  
AVTALE - TLF. 748501  
TEGNING - BYGGESAKSBEHANDLING -  
FORSLAG TIL KJØKKEN -  
MANGE GODE TILBUD

B

## ARRANGEMENT I MAI

- 4.mai: Utstilling på Allrommet kl.16.00-19.00 (keramikk)  
7.mai: Utstilling på Allrommet kl.16.00-19.00 (keramikk)  
20.mai: Plantebytedag kl.13.00  
Arr.:Bokn Hagelag  
21.mai: Barneteater "Blå Blomst"  
kl.16.00  
26.mai: Pensjonistforeninga  
2.juni:Basar:Sanitetsforeninga  
3.juni:Dans: Idrettslaget

## BOSSTØMMING

Det blir bosskøyring tirsdag 16.mai,  
i staden for onsdag 17.mai.

Sigmund

## ØNSKES KJØPT

Kommode i tre ønskes kjøpt.  
henv.Ragna Alvestad

KROKA  
LOFTET  
HELSE- HUD-  
OG SOLPLEIE



Huden trenger også vårpuss.  
Benytt sjansen nå!  
Vårpriser på Ansiktsbehandling.  
Tenk også Solarium!  
Viss du vil ha farge til 17.mai  
og underlag til sommerens sol,  
er det lurt å begynne solingen nå.  
Bestill time på  
TLF. 74 83 24

## FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 8.mai.  
Påmelding tlf.748500 snarast.

## TANNKLINIKKEN

Tannklinikken er stengd desse dagane:

Torsdag, 11.mai  
Tirsdag, 16.mai  
Torsdag, 18.mai  
Tirsdag, 23.mai  
Torsdag, 25.mai

## KONFIRMANTAR I BOKN

14.mai 1989

Stian Alvestad	Arne Gundersen
Ivar Holberg	Atle Jøsang
Jan Kristin Jøsang	Jan Oscar Larsen
Hans Marius Våga	Einar Våge
Jorunn Alvestad	Tove Alvestad
Elisabeth Are	Ann Kristin Grønnestad
Torunn Bokneberg	
June Kro	

**AURORA a.s**  
*kiosk-video*

vi har fått inn  
nytt til 17.mai:

ØREPYNT, HÅRSLØYFER, FLAGG,  
FLØYTER, SLØYFER og 17.MAI-  
ROSETTER.

**AURORA** vil ha åpent mens  
kapproingen pågår 17.mai.